



Hjelmeland

Referat frå styremøte i Hjelmeland bygdekvinneLag 15.05.24

Hos Margrete

Til stades: Palma Ommundsen, Kirsti Flatø, Bente Riskedal og Margrete Tytlandsvik

Sak 1 Sponkorgkurs

Skal ein ha matkomite? Ein får høyra med Janneke når ho kjem tilbake.

Sak 2 Årsmøtet 2024

Onsdag 23.10. Program: Palma kontaktar Hjelmeland Røde Kors om undervisning i førstehjelp/hjarte/lungeredning og bruk av hjartestartar. Matkomite?

Sak 3 Fana til laget

Ho blei i si tid laga saman med Bondelaget og står på eit lager i Idrettshallen. Toppen på stonga manglar og ho er tung, gammal og «uhamsleg». Men ho skal visstnok vera forsikra av Bondelaget. Palma undersøker kva evt. forsikringa dekkjer.

Sak 4 Ryfest 07.09, kl. 10 - 16

Laget skal selja vafler på kjøkkenet på Spinneriet. Me betalar ikkje noko for å stå der. Margrete sender mail til alle medlemmene med spørsmål om nokon kan stilla nokre timar der saman med representantar frå styret. Palma har oppskrift på vafler.

Sak 5 Frivillig torg på Spinneriet 19.10, kl. 12 – 15

Me skal baka og selja potetkaker.

Sak 6 Medlemsmøte 02.10

Harry Breiland fortel om oppveksten sin på Waisenhuset og i Gåsdaalen

Alle styremedlemmene tar med eit fat mat.

Gratis for alle.

Sak 7 Fister bygdadag 21.09

Me kjem tilbake til denne dagen på neste styremøte.

Sak 8 Visning av laging av julepålegg

Instruktør er Torunn Eide som bestemmer dato seinare.

Det er plass til 15 – 20 deltakarar. Kr. 100,- for medlemmer og kr. 200 for ikkje-medl.

Det vert servert smaksprøvar

Sak 9 Julemøte på Furutangen torsdag 12.10 v/Randøy-medlemmene

Bente er kontaktperson frå styret og tar ny kontakt med alle medlemmene på Randøy.

Det er bestilt juletallerken med dessert/kaker.

Kr. 500,- for medlemmer, kr. 600,- for ikkje-medlemmer.

Sak 10 Påminning til medlemmer som ennå ikkje har betalt kontingent

Margrete sender sms til desse.

Sak 11 Innkjøp av matvarer til arrangement

Me kan ikkje kjøpa på faktura på Ekstra. Då vert det slik at dei som kjøper matvarer, gjer det i den butikken som passar, betalar kontant og får dekkja utgiftene.

NESTE STYREMØTE: Måndag 2. 09, kl. 18.30 hos Bente, Dalane 22, Årdal

Margrete Tytlandsvik, ref.

